

Saksprotokoll

**Formannskapet og
næringsutvalet**

27.03.2019

Sak: 25/19

Tittel: Saksprotokoll - Kommuneplanen sin arealdel 2019 - 2030 - 2.gong
offentleg ettersyn - førebels oppsummering
Arkivsak: 17/3690

Behandling:

Rådmannen viste til at oppdatert plandokument, planomtale og føresegner, er lagt på saka. Endring/tillegg gjeld kapittel 12, føresegner, 12.1.7. omkring utbyggingsavtalar.

Formannskapet/kommuneplannemnda drøfta dei ulike område-oppsummeringane og slutta seg i all hovudsak til revidert framlegg frå rådmann.

Når det gjeld bustadbygging i bygdene skal oppsummeringa endrast slik at Marifjøra vert etablert som eige område og oppsummering for Gaupne vert tilpassa dette.

Når det gjeld hyttebygging i Moane skal tidlegare felt Moholten takast ut av planen.

Rådmannen si tilråding, med her refererte endringar, vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

I samsvar med reglane i Plbl §11-14, jf §11-1 og 5, vert framlegg til revidert arealdel for Luster kommune 2019 – 2030, med kommuneplannemnda sine endringar, lagt ut til offentlig ettersyn og oversendt aktuelle fagorgan for vurdering.
